



Arkivnr: 2018/525-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for kultur, idrett og regional utvikling		13.02.2018

Revidering av innretting av kunstnarstipend

Samandrag

Med grunnlag i Regional kulturplan 2015-2025 si satsing på profesjonell kunst og på kunstnarar innan det frie, profesjonelle feltet, har HFK hatt ei aukande satsing på kunstnarstipend.

I Sak 75/16, KIRU 10.05.2016 vart det vedteke ei revidering av tilskotsordninga, m.a. innført eit nytt komitésystem for vurdering av søknader og oppdeling i ulike typer stipend. Fylkesrådmannen har no teke ei evaluering av innrettinga som vart innført i 2016, og føreslått nokre små justeringar.

I budsjettet for 2018 er det sett av til saman 380 000 kroner til kunstnarstipend. Det må setjast av nokre midlar til honorering av komitémedlemmar, og fylkesrådmannen tilrår å lyse ut 12 utviklingsstipend a 30 000 kroner.

Fullstendig dokument med innretting og kriteria ligg som vedlegg til denne saka.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for td. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 **PREMISS: KULTUR .**

Forslag til vedtak

1. Det skal tildelast 12 utviklingsstipend á 30 000 kroner.
2. Det skal tildelast minst eitt stipend til kvar kunstform om søkjarmengen er tilstrekkeleg. Vidare skal fordelinga mellom kunstartane av stipend gjerast på grunnlag av søkjartal for dei ulike kunstartane, geografi og tidlegare tildelte stipend.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg elles til innretting og kriteria for Kunstnarstipend slik dei ligg føre i vedlegget til saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.01.2018

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år gitt nokre kunstnarstipend som stønad til profesjonelle kunstnarar i Hordaland. Den samla stipendsatsen var i 2015 kr 125 000, som ein fordelte på fem kunstnarar (innan ulike kunstfelt) som fekk kr 25 000 kvar. Som følgje av satsingar i PREMISS : kultur vart stipendsummen auka til 220 000 kroner i 2016. Planen er tydeleg på at ein skal ta vare på både den institusjonelle delen av kunstlivet og det frie, profesjonelle feltet som i stor grad består av kunstnarar som er sjølvstendig næringsdrivande. Ein del av dette kunstløftet har vore å auke løvingane til kunstnarstipend.

Røynsle med ordninga

I Sak 75/16, KIRU 10.05.2016 vart det vedteke ei revidering av tilskotsordninga, m.a. innført eit nytt, meir gjennomført komitésystem for vurdering av søknader og oppdeling i ulike typar stipend. Fylkesrådmannen har no teke ei evaluering av innrettinga som vart innført i 2016, og føreslått nokre små justeringar.

I budsjettet for 2018 er det sett av til saman 380 000 kroner til kunstnarstipend. Det må setjast av nokre midlar til honorering av komitémedlemmar, og fylkesrådmannen tilrår å lyse ut 12 utviklingsstipend á 30 000 kroner.

Søknadsmengda har dei siste åra vore svært høg og innvilgingsprosenten då svært låg. Kunstnarstipend er supplerande til prosjektstøtte dette då det kan gje høve til kunstnarleg utvikling og fordjupning, utan eit umiddelbart krav om produksjon og resultat. Den store søknadsmengda viser eit stort behov for slike stipendmidlar.

I 2017 kom det inn 183 søknader om kunstnarstipend. Det vart utlyst 5 reise- og kompetansehevingsstipend á 25 000 og 2 arbeids- og fordjupningsstipend á 50 000. Ein del kunstnarar sökte på begge typar stipend, med tilnærma lik grunngjeving.

Komitearbeidet

Inndelinga av ulike typar stipend har ført til eit ganske komplekst og teknisk vanskeleg sakshandsamingsarbeid. Det har vore store tekniske utfordringar med vedlegg og formidling av rett dokumentasjon og materiale til eksterne komitémedlemmar. Fylkesrådmannen ser at det vil lette prosessane svært, både for søker, komité og administrasjon, å utlyse berre ein type stipend. Dette kan så nyttast til fleire typar føremål.

Det vert lagt mykje arbeid ned innstillingane til kunstnarstipend. Fylkesrådmannen ser det som viktig at alle komiteane difor kan tildele minst eitt stipend, og tilrår difor dette. Søkjarmengda fordeler seg svært ulikt mellom dei ulike kunstartane, og kan variere frå år til år. Visuell kunst og musikk har likevel vore dei kunstfelte med flest søkerar til kunstnarstipenda. Fylkesrådmannen ser det som rimeleg at fordelinga av stipenda vidare skal gjerast på grunnlag av søkeratal i dei ulike kunstartane, geografi og tidlegare tildelte stipend.

Det ligg ein kostnad i å etablere eksterne komitear, og når det har vore ein såpass låg sum som er sett av til stipend kunne ein kome i situasjonen der ein bruker uforhaldsmessig mykje midlar på komitéhonorar i forhold til kva ein deler ut som stipend. I andre samanhengar der ein fordeler midlar kan det vere vanleg å bruke inntil 20% av totalsummen til administrasjon. Når komitémedlemmar har betalt arbeid i ein kunstinstitusjon / -organisasjon forventast det at den institusjonen / organisasjonar dekker arbeidstida som er brukt på stipendarbeidet, og i dei tilfella der komitémedlemmane er sjølvstendig næringsdrivande (kunstnarar) vil dei få honorar. Honoraret skal reknast ut i forhold til berekna tidsbruk ut i frå tal på søker i dei aktuelle komiteane.

Habilitet

Kunstlivet i Hordaland er forholdsvis oversiktleg, og mange kjenner kvarandre. Dette kan vere både ei styrke og ei svakheit. Fylkesrådmannen vil legge vekt på å informerer og bevisstgjere medlemmane i stipendkomiteane på habilitetsreglane og sjå til at dei retter seg etter desse. Ein kan sjølv sagt heller ikkje søkje stipend sjølv for den perioden ein sit i ein av komiteane.